



Arkivnr: 2014/2-89
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-------------------------|--------|------------|
| Hordaland fagskulestyre | | 10.09.2015 |

Utvikling av nytt fagskuletilbod innan alternativ energi ved Bergen tekniske fagskole

Samandrag

Produksjon av energi og utvikling av nye metodar for å utvinne fornybar energi er eit etterspurd kompetansefelt. Bergen tekniske fagskole har lang erfaring innan elektro og fleire aktuelle samarbeidspartnarar i energimarknaden. I tråd med samfunnsutviklinga er det ønskjeleg å utarbeida ei ny fagskuleutdanning innan alternativ energi som kan vere med og møte framtidens kompetansebehov.

Forslag til vedtak

1. Bergen tekniske fagskole kan utvikle nytt fagskuletilbod innan alternativ energi.
2. Løyve til å søkje NOKUT om godkjenning vert handsama i eiga sak når utdanningsplanen er ferdig utvikla.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 19.08.2015

Produksjon av energi og utvikling av nye metodar for å utvinne fornybar energi er eit etterspurd kompetansefelt. Bergen tekniske fagskole har lang erfaring innan elektro og fleire aktuelle samarbeidspartnarar i energimarknaden. I tråd med samfunnsutviklinga er det ønskjeleg å utarbeida ei ny fagskuleutdanning innan alternativ energi som kan vere med og møte framtidens kompetansebehov.

Hordaland fylkeskommune har også fornybar energi som eitt av sine satsingsområde, og Regional næringsplan seier følgjande:

Klima- og miljøutfordringane og kunnskap innan offshore verksemd, maritime operasjonar og straumproduksjon, kan legge grunnlaget for fleire nye næringar. Satsinga på CO2-fangst på Mongstad kan by på nye framtidige utviklingsområde for verksemdar i andre bransjar. Internasjonalt er tilgangen på fornybar energi stigande, men utgjør framleis berre 3-4% av energiforbruk i verda. Det er aukande etterspurnad etter miljøteknologi globalt, og Hordaland kan bidra til å utvikle fornybare energikjelder, og næringsretta klimatiltak, som både gjev meir innovasjon og medverkar til å nå klimamål (Regiona næringsplan, s. 8).

Med ei fagskuleutdanning innan alternativ energi i Bergen og Hordaland syner ein at regionen er proaktiv og i forkant i høve til utvikling og innovasjon innan feltet. Aktuelle samarbeidspartar i utviklinga og gjennomføring av utdanninga vil vere BKK, Statoil, Midtfjellet vindpark og solcelleindustrien.

Fagskuleutdanninga vil vere ei toårig utdanning som kan verte gjeven både på heiltid og som nettstøtta tilbod på deltid over tre år. Bergen tekniske fagskole ønskjer å søkje NOKUT om godkjenning i løpet av 2016 eller våren 2017.

Bergen tekniske fagskole vil sjå på om det er mogeleg at utdanninga kan ha overlappande emne fyrste studieår med Automasjon og Elkraft. Det er mest aktuelt å starte opp med denne utdanninga på nett i fyrste omgang og i alternasjon med tilbodet Prosess nett. Prosesslina ved Bergen tekniske fagskole er den utdanninga som har lågast søkjartal, og studiestart annakvart år kan bidra til å få større klassar. Dette gjer at ein ikkje treng å auke budsjettramma for å tilby den nye utdanninga, og prosesslina vil kunne verte meir robust i høve til studenttal.